

## Kulturmidlar 2011 - fordeling av tilskot kulturorganisasjonar

### Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Frå teneste 5001 tilskot til lag og organisasjonar vert det løyvd følgjande tilskot til kulturorganisasjonar for 2011

Nr.	Søklar	Tilskot 2011
1	Sogn og Fjordane Pensjonistlag	80 000
2	Sogn og Fjordane Husflidslag	180 000
3	Norges Husflidslag, Oslo	190 000
4	Folkeakademiet Sogn og Fjordane	100 000
5	KFUK-KFUM Fjordane og Sogn	120 000
6	Sogn og Fjordane Ungdomslag	200 000
7	Sogn og Fjordane 4H	310 000
8	Norges Korforbund Sogn og Fj.	75 000
9	Sogn og Fjordane Folkemusikklag	200 000
10	NorskMusikkorpsforbund NV	230 000
11	Sogn og Fjordane Kulturnettverk	0
011	Sogn og Fjordane Idrettskrins	1 250 000
	<b>Sum</b>	<b>2 935 000</b>

2. Vilkår for utbetaling er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett

#### Prenta vedlegg:

1. retningsliner
2. søkjaroversyn

#### Uprenta vedlegg:

1. søknadane

## Saksframstilling

I denne saka vert det rådd til fordeling av fylkeskommunale midlar til dei store frivillige kulturorganisasjonane i fylket.

Fylkeskommunale tilskotsmidlar vart annonsert i lokalavisene med søknadsfrist 15. januar 2011. Innan søknadsfristen kom det inn søknadar frå 11 kulturorganisasjonar som skal til politisk handsaming. 1 søknad er moteken etter frist (Sogn og Fjordane Ungdomslag). Fylkesdirektøren vel likevel å innlemme denne søknaden saman med dei andre. Søknadssum for alle søkjarane utgjer kr. 3,565 mill i grunnstønad og kr. 0,450 mill til ulike tiltak.

Tilskota skal hjelpe til å fremje eit aktivt og allsidig kulturliv i fylket. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for tildeling av kulturmidlar. Retningslinjene legg vekt på kulturaktivitet til barn og unge, og tiltak som fremjar etablering av nye kulturelle møtestadar. Det vert og lagt større vekt på aktivitet framfor drift.

Det er tidlegare drøfta prinsipp for bruken av midlar til organisasjonane. Det vart sagt følgjande om generelle kriterium og vurdering av tilskot til fylkesdekkande organisasjonar:

### Generelle kriterier:

- Evne og vilje til nyskapande kulturarbeid vert prioritert.
- Sunn økonomi, dvs at fylkeskommunalt tilskot skal vere ei hjelp i arbeidet; ikkje ein føresetnad.
- Følgjekort for funksjonshemma skal gjelde for alle som får fylkeskommunalt tilskot.
- Kulturelt mangfald skal vere ein naturleg del av aktiviteten.
- Tiltak med fylkeskommunal støtte skal vise til fylkeskommunen som tilskotsytar/ samarbeidspart.

### Ved vurdering av fylkesdekkjande organisasjonar gjeld ein kombinasjon av:

- Medlemstal og aktivitet
- Kulturelt arbeid (idrett, musikk, dans, teater, kunst, språk/litteratur, historie, m.m.) som hovudaktivitet
- Barn og unge som medlemmer, målgruppe og som aktørar skal prioriterast.

### Økonomi

I budsjettet for 2011 vart det sett av 9,920 mill. til fordeling til lag og organisasjonar, større kulturtiltak og egne tiltak. Etter tidlegare vedtak i fylkestinget og fylkesdirektøren sitt framlegg til fordeling i dette møtet, vert midlane fordelt slik:

Tilskot til Fjalerhallen/Førdehuset (vedtak FT sak 66/10.)	3 600 000
Fordeling til organisasjonar	2 935 000
Fordeling til ulike kulturtiltak	875 000
Fordeling til festivalar/arrangement	680 000
<hr/>	
Framlegg til fordeling i HK-møte mars 2011	8 090 000
Fordelt i HK-sak 1/11	1 100 000
Avsett til kulturpris/kulturstipend	150 000
Avsett til adm vedtak barne- og ungd.tiltak	100 000
Avsett til adm.vedtak og klagehandsaming	480 000
<hr/>	
<b>Sum</b>	<b>9 920 000</b>

Aktiviteten i organisasjonslivet i fylket er jamt over stor, noko som går fram av søknadane. Dette saman med dei føringane som retningslinjene gjev, medfører streng prioritering i handsaminga av søknadane. Føringane frå kulturstrategien, saman med retningslinjene for tilskota ligg i botnen for fylkesdirektøren sine vurderingar og tilrådingar i saka.

Ein stor del av søknadane som vert mottekne, er søknadar som vert handsama administrativt. Fylkesdirektøren har delegert mynde til å handsame søknader inntil kr. 50 000. I tillegg til dei søknadane som vert handsama i dette møtet, har vi fått inn ca. 30 søknadar til gode tiltak og mindre kulturorganisasjonar som vert handsama administrativt. Desse søknadane utgjer ein søknadssum på om lag kr. 1, 1 mill. Det er sett av kr. 580 000,- til fordeling til desse søknadane (inkl. tilskot til barne- og ungdomstiltak/organisasjonar) og til eventuell klagehandsaming.

## **VURDERING**

I samband med utarbeiding av nye retningslinjene vart det gjort vedtak om at ein større del av dei offentlege kulturmidlane til frivillig sektor må gå til aktivitet framfor det å byggje opp eit organisasjonsbyråkrati. I tildelinga av midlane må ein også ha med at god aktivitet innanfor dei frivillige organisasjonane i dag krev høg grad av profesjonalitet, og at dette igjen fører til trong for/krav om eigne tilsette til å stå føre det daglege arbeidet t.d. på fylkesnivå. Vi ser også at dei vert utfordra av større prosjekt innan heile breidda av kulturområdet.

Organisasjonane utgjer ei stor og viktig del av kulturlivet i fylket. I bygdene er det ofte desse som står for den lokale aktiviteten, er med på å halde bygdesamfunn saman og skapar utvikling. Organisasjonane er slik sett viktige kulturberarar, og organisasjonane er ein viktig arena for deltaking og oppleving.

Det også slik at forventningane til synlege resultat vil auke med aukande løyvingar. Organisasjonar og institusjonar med store offentlege tilskot må kunne vise til god aktivitet for å kunne forsvare løyvingnivået framover.

Vilkår for utbetalingane er at naudsynte vedlegg til søknaden ligg føre, slik som årsmelding/rekneskap og årsplan/budsjett før sluttløyving vert betalt ut.

Fylkesdirektøren viser til vedtak i fylkestinget, FT-sak 53/06, som seier at føresetnadane for å få tilskot til lag og organisasjonar er at følgjekort for funksjonshemma vert akseptert.

Fylkesdirektøren legg til grunn at organisasjonar og arrangørar med fylkeskommunale tilskot til sin aktivitet aksepterer denne ordninga.

## **KORT OM DEN ENKELTE SØKJAR I DENNE SAKA:**

### **1. Sogn og Fjordane Pensjonistlag**

Pensjonistlaget har 40 lag i fylket, og aktivitet i alle kommunane med ca. 4210 medlemmar. Det er utarbeidd ein handlingsplan for 2010. Viktig føresetnad for laget sitt arbeid er likeverd mellom generasjonane og organisasjonsutvikling. Utgifter er i hovudsak til sekretær (80% stilling), kontingent og kurs. Inntekter kjem frå medlemskontingentar, fylkeskommunalt tilskot og tilskot frå Norsk Pensjonistforbund. Fylkesdirektøren ser primært på kulturaktiviteten i Sogn og Fjordane Pensjonistlag, og vil bidra med å utvikle denne delen av aktivitetane i laget.

*Søknadssum: kr. 250 000,-*

*Tilråding: kr. 80 000,-*

### **2. Sogn og Fjordane Husflidslag**

Fylkeslaget har 802 medlemmer i 17 lokallag som dekkjer i alt 21 kommunar i fylket. Sogn og Fjordane Husflidslag er med på å styrkje den levande husflidstradisjonen i fylket ved å organisere aktivitetar og tiltak som utviklar husflidsfagleg interesse og kunnskap, produksjon og omsetning. Laget arbeider innanfor dei satsingsområda Norges Husflidslag trekkjer opp, og i arbeidsplanen for 2011 er born og unge eit prioritert tiltak. Sogn og Fjordane Husflidslag har lagt ned mykje arbeid i prosjektet "Ung Husflid". Husflidslaget i Sogn og Fjordane har fått tildelt Landsstemne i 2012. Utgiftspostar som organisasjonen har, er løn til sekretær (1/2 stilling), møter og prosjektarbeid. På inntektssida er dei største postane medlemspengar, lotteri og offentleg tilskot.

*Søknadssum: kr. 200 000,-*

*Tilråding: kr. 180 000 til drift/aktivitet*

### **3. Norges Husflidslag**

Norges Husflidslag søkte i 2005 om igjen å få etablert seg i Sogn og Fjordane med ein eigen husflidskonsulent, noko dei fekk støtte til å gjere frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Norges Husflidslag har i dag 18 tilsette husflidskonsulentar i 17 fylke. Finansiering av ei slik stilling er tufta på ein modell der fylkeskommunen går inn med tilskot tilsvarande ¼ av ei stilling, medan kulturdepartementet gjennom Norges Husflidslag dekkjer resten. I samtalar med Noregs Husflidslag har kulturavdelinga tidlegare vore særskilt opptekne av at ein eigen husflidskonsulent i Sogn og Fjordane i større grad enn tidlegare må rette seg mot næringsretta tiltak. Gjennom slik vinkling vil dette vere eit i tråd med kulturstrategien. I tillegg har organisasjonen også utarbeidd og gjennomført gode formidlingsprosjekt gjennom den kulturelle skulesekken. Norges Husflidslag søker no om tilskot på kr 220 000 til å vidareføre ordninga med husflidskonsulentstilling i Sogn og Fjordane.

*Søknadssum: kr. 220 000,-*

*Tilråding kr. 190 000 til drift*

### **4. Folkeakademiet i Sogn og Fjordane**

Dette er fylkesorganisasjon for 10 lokale folkeakademier i 9 kommunar i fylket. Av 263 medlemmar er 63 under 26 år. Organisasjonen driv folkeopplysning og kulturformidling gjennom tilbod om program til eigne lokale ledd, organisasjonar og institusjonar. Dei samarbeider med ulike andre organisasjonar og institusjonar, og legg opp/gjennomfører turnear i fylket. Utgiftspostane er løn til dagleg leiar (1/2 stilling), drift og turneutgifter. Inntektene er turneinntekter, tilskot frå Folkeakademienes Landsforbund, og fylkeskommunalt tilskot.

*Søknadssum: kr. 105.000,-*

*Tilråding: kr. 100 000 til drift/aktivitet*

### **5. KFUK og KFUM-krinsane i fylket (Fjordane og Sogn)**

Organisasjonen har 29 lag i 11 kommunar i fylket. Av 745 medlemmar er 619 under 26 år. Aktiviteten er mykje knytt opp mot at organisasjonen samlar barn og unge til leiraktivitetar, kurs og leiarutdanning. Utgiftene er knytt til personalkostnader (1,8 årsverk) og møteverksemd. Inntektene er i stor grad gåver/kollekt, eigne inntektsgevande tiltak og fylkeskommunalt tilskot. KFUK- og KFUM-krinsane søker om driftsstøtte og aktivitetsstønning til ulike treff og festivalar.

*Søknadssum: kr. 145000,- til drift og ulike aktivitetar. . Tilråding: kr. 120 000,- til drift/aktivitet*

### **6. Sogn og Fjordane Ungdomslag**

Søknaden er motteken etter frist.

Sogn og Fjordane ungdomslag har 1541 medlemmer i fylket fordelt på 51 lokallag i 24 kommunar. 541 av medlemmane er under 26 år. Hovudaktiviteten i organisasjonen er i tillegg til det ordinære organisasjonsarbeidet å ta vare på og vidareutvikle kunnskap om bunader/folkedraktar og folkemusikk/dans/teater og revy. Inntektene er i hovudsak tilskot frå fylkeskommunen, medlemskontingent og kursinntekter. Sogn og Fjordane ungdomslag har tilsett ein prosjektleiar i 50% stilling for å jobbe med prosjektet "Huset i bygda". Det er sendt eigen søknad om utviklingsmidlar til dette prosjektet.

*Søknadssum: kr. 200 000,- til drift*

*Tilråding: kr. 200 000 til drift/aktivitet*

## **7. Sogn og Fjordane 4H**

Organisasjonen har 1854 medlemmer, der 1618 er under 26 år. Organisasjonen har 74 lokallag fordelt på 22 kommunar i fylket, og har eit godt fotfeste i heile fylket. Medlemene er stort sett barn og unge og gjennom 4H-arbeidet får mange unge organisasjonskunnskap, leiartrening og arrangørkompetanse. Organisasjonen engasjerer seg i kulturelt arbeid lokalt, og i ulike prosjekt. Organisasjonen sine utgiftene er i hovudsak knytt opp mot stillingar (2,6 årsverk), prosjektarbeid, kurs, og leirar. På inntektssida kjem stønad frå landbruksorganisasjonar, kursinntekter, fylkeskommunalt tilskot, kontingentar, lotteri m.m. .

*Søknadssum: kr. 350 000,-*

*Tilråding: kr. 310 000 til drift/aktivitet*

## **8. Norges Korforbund, Sogn og Fjordane.**

Korforbundet har 1324 medlemmer . Dette er mest vaksne medlemmer (over 25 år). Fylkesleddet arbeider med opplæring og utvikingstiltak for kora, enkeltmedlemmer og ikkje minst for dirigentane. Hovudinntektene for Korforbundet er kontingentar og fylkeskommunalt tilskot. Utgiftene er knytt til medlemskontakt, leiarsamlingar, opplæringstiltak. Organisasjonen har ikkje tilsett lønna personale.

*Søknadssum kr. 85 000,-*

*Tilråding: kr. 75.000 i drift/aktivitet*

## **9. Sogn og Fjordane Folkemusikklag**

Folkemusikklaget er ein paraplyorganisasjon for dei lokale spelemannslaga, og har ca 550 betalande medlemmer, 91 under 26 år. Medlemene er fordelt på 19 lokallag i 13 kommunar i fylket. Organisasjonen arbeider for å ta vare på folkemusikktradisjonane våre. Organisasjonen avviklar kappleikar, seminar/kurs og arrangerer det årlege sommarkurset på Mo. Gjennom organisasjonen vert det gitt opplæring i spel, dans, song, m.m. . Hovudpostane på utgiftssida er løn til sekretær i halv stilling, instruktørar og kursverksemd. På inntektssida kjem kursavgifter, medlemskontingentar og offentlege tilskot. Folkemusikklaget sin samla innsats, og ikkje minst det dei har fått til gjennom Mo-kurset, er ein viktig årsak til Sogn og Fjordane sin posisjon innan folkemusikkområdet i Norge. Folkemusikklaget søker om driftsstøtte og aktivitetsstøtte til det årlege Mo - kurset.

*Søknadssum: kr. 180 000 til drift og kr. 30 000 til aktivitet.*

*Tilråding: kr. 200 000,- til drift inkl. Mo-kurs.*

## **10. Noregs Musikkorpsforbund (NMF), avd. Sogn og Fjordane.**

Frå 2008 vart NMF Sogn og Fjordane NMF Møre og Romsdal samanslegne til ein region, NMF Nordvest. Heile regionen har 233 korps og ca 8700 medlemmar. 2731 av desse tilhøyre Sogn og Fjordane. Organisasjonen har medlemmar i fylket fordelt på 81 lag/korps i alle kommunar i Sogn og Fjordane. Av 2731 medlemmar er 1665 under 26 år. Den økonomiske støtta frå fylkeskommunane vil bli brukt til aktivitetar i det fylket som har fått tildelt midlane. Fylkesleddet har ansvar for tiltak som opplæringstiltak, kurs, leirar, stemner m.m. Organisasjonen har tilsett daglig leiar og produsent. Hovudinntektene for Musikkorpsforbundet er fylkeskommunalt tilskot og påmeldingsavgifter. Ugiftene er knytt til løn/honorar, reise- og opphaldsutgifter ved ulike aktivitetar. NMF søker om tilskot til drift og til ungdomskonferanse.

*Søknadssum: kr. 300 000,- til drift og kr. 30 000,- til aktivitet.*

*Tilråding: kr. 230 000 til drift/aktivitet*

## **11. Sogn og Fjordane Kulturnettverk**

Sogn og Fjordane Kulturnettverk er ein interesseorganisasjon for kulturlivet i fylket, med fokus på musikk. Dei samarbeid med kommunane og lokale lag i fylket. Dei har og samarbeid med musikkråd og ulike organisasjonar over fylkesgrensene om ulike konferansar og kurs.

Sogn og Fjordane kulturnettverk er også ein studieorganisasjon som formidlar vaksen-opplæringstilskot innan musikk. Organisasjonen har ingen betalande enkeltmedlemmar.

Medlemmane er fylkesorganisasjonar innan musikk som har slutta seg til kulturnettverket. Hovudpostane på inntektssida kjem frå vaksenopplæringstilskot og fylkeskommunale kulturmidlar. Organisasjonen har tilsett dagleg leiar i ½ stilling.

Innan søknadsfrist mottok fylkeskommunen søknad frå Sogn og Fjordane kulturnettverk på kr. 350 000 til drift og kr. 150 000 til 3 ulike prosjekt.

I saksframstillinga i HK-sak 26/10 skreiv fylkesdirektøren m..a. følgjande:

“Så langt kan ikkje fylkesdirektøren sjå at søkjar kan vise til utvikling i forventa lei siste året. Planane for kommande år er heller ikkje særleg konkrete på kva utfordringar og oppgåver dei tenkjer å prioritere. Sjølv om organisasjonen meiner å ha god kontakt med sine medlemmer gjennom året, har fylkesdirektøren vanskar med å sjå att resultat av dette i meldingar, oppslutning og planar. Frå fylkesdirektøren si side vert det tilrådd redusert tilskot for 2010 i høve 2009, og gjeve signal om at 2010 er siste året med tilskot til Sogn og Fjordane kulturnettverk.”

Sogn og Fjordane kulturnettverk meiner i brev/rapport av 12. juli 2010 at dei gjennom ulike aktivitetar fyller rolla som møteplass og nettverksbygger.

Fylkesdirektøren har hatt møte med Norsk Musikkråd og Musikkens studieforbund. Etter frist (8. mars) vart det motteke ny søknad på kr. 150 000,- til drift og kr. 390 000,- til 5 ulike prosjekt. Kulturnettverket arbeider no med ei omorganisering som vil innebere auka fokus på musikk og musikkorganisasjonar. Prosessen vert gjennomført i samarbeid med Norsk Musikkråd og Musikkens Studieforbund.

På tross av ny søknad og nye opplysningar, kan fylkesdirektøren ikkje sjå at kulturnettverket har sikra den utviklinga som er ønskeleg. Bortsett frå forventa midlar frå fylkeskommunen, går det i liten grad fram av søknaden korleis den nye organiseringa og dei ulike tiltaka elles er tenkt finansierte. Med det overfører ein ansvaret for utvikling og endring på fylkeskommunen. Fylkesdirektøren ser det slik at organisasjonen sjølv må stå som hovudansvarleg for ei positiv utvikling, då kan og fylkeskommunen bidra som støttespelar. Det er ikkje råd å sjå at så er tilfelle ved denne søknad. På bakgrunn av dette finn ikkje fylkesdirektøren å kunne tilrå midlar til Sogn og Fjordane Kulturnettverk i 2011.

*Søknadssum: Kr. 150 000,- til drift  
Kr. 390 000,- til prosjekt*

*Tilråding: Avslag på søknad til drift  
og prosjekt*

## **12. Sogn og Fjordane Idrettskrins (SFIK)**

SFIK har 44451 medlemmar i fylket fordelt på 189 idrettslag i alle kommunar. Over halvparten av alle medlemmar er under 26 år. Sogn og Fjordane Idrettskrins har i fleire år vore ein viktig aktør når det gjeld oppbygginga av kompetanse på leiar- og trenarsida i fylket. Utdanning av gode trenarar og leiarar er eit viktig bidrag til barne- og ungdomsarbeidet og er i samsvar med måla i Fylkesdelplanen. Sogn og Fjordane Idrettskrins har utarbeidd eige handlingsprogram for 2011-2015 (eige vedlegg under skriv og meldingar). Handlingsprogrammet skal gi retning for utvikling av idretten i Sogn og Fjordane dei næraste åra og skal vedtakast på idrettstinget i april.

*Søknadssum: kr. 1 350 000,-*

*Tilråding: kr. 1 250 000.*

## **4. KONKLUSJON/TILRÅDING**

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet til å fatte vedtak i samsvar med tilrådingane som er gitt i forslag til vedtak